

Årsmelding 2024

Øygarden kyrkjelege fellesråd



DEN NORSKE KYRKJA
Øygarden kyrkjelege fellesråd

INNHALD

Helsing frå fellesrådsleiar	3
Forord frå kyrkjeverja	4
Tal i kyrkja i Øygarden	5
Arbeidet i kyrkjelydane	8
Seksjon for barn og unge	9
Utdrag frå trusopplæringsstatistikken i alle sokn	12
Seksjon for diakoni	17
Seksjon for kyrkjemusikk	22
Seksjon for kyrkjer og gravplassar	28
Kyrkjebygg	29
Gravferdsforvalting	34
Kyrkjeverja sin administrasjon	36
HR/personal	37
Kommunikasjon	40
Seksjon for økonomi og administrasjon	41
Kyrkja i pressa	42
Fellesrådet sin økonomi	45
Styrande organ	46

FRAMSIDEFOTO:

Det var ei fullsett kyrkje då Fjell kyrkje feira 150-årsjubileum med ei jubileumsgudsteneste.

Foto: Yngvild Mørner Sørheim



Gisle Kårbø Rong
Fellesrådsleiar

Helsing frå fellesrådsleiar

Øygarden kyrkjelege fellesråd sine tilsette er til stades for menneske i alle deler av livet. Arbeidet har stort omfang som er mogeleg grunna engasjerte tilsette,

mange frivillige og godt samarbeid med Øygarden kommune. Samspelet mellom tilsette og frivillige er svært viktig og medfører at kyrkja kan utføre arbeidet i eit omfang langt utover det dei økonomiske rammene tilseier. Saman klarer tilsette og frivillige å skape gode, trygge og viktige møtestader for menneske i glede og sorg, kvardag og fest, stabilitet og krise.

Reduserte økonomiske rammer er utfordrande både for dei tilsette og for dei frivillige og vil kunne medføre store endringar. Dei tilsette gjer eit stort koordineringsarbeid mellom frivillige og konsekvensen av endra rammer kan medføre redusert aktivitet langt utover det som kan sporast i fellesrådet sitt budsjett.

Fellesrådet opplever at tilsette og frivillige arbeider for at kyrkja i Øygarden sin visjon «Nær Gud, nær menneske» skal verte gjort verkeleg. Å vere «nær» har vore og er framleis viktig for born, unge, vaksne og eldre. I kyrkjene, på kyrkjekontora, på kjøpesenter og andre stader der menneske treffest er kyrkja i Øygarden til stades og ynskjer at menneske skal erfare å vere «Nær Gud, nær menneske».



Annlaug Børve
Kyrkjeverje

Forord frå kyrkjeverja

Årsmeldinga for Øygarden kyrkjelege fellesråd 2024 speglar eit år fylt av innsats, glede og fellesskap – og det er med djup takksemnd vi ser tilbake på det vi saman har

fått til. Med 50 dedikerte medarbeidarar og fleire hundre frivillige har vi gjennomført eit mangfald av aktivitetar og tiltak, frå dåp og trusopplæring, til konfirmantleirar, sorggrupper og kulturarrangement. Over 75 000 menneskemøte i seksjonen for barn og unge aleine vitnar om at kyrkja betyr mykje for mange, både i kvardagen og i livets store overgangar.

Saman har vi halde fram med å bygge kyrkjelydane våre som inkluderande fellesskap, spreidd håp, og vore nær både Gud og menneske. Vi har feira jubileum, restaurert kyrkjebygg, fått nye medarbeidarar inn i staben og har godt samarbeid med skular, barnehagar og kommunen. Trusopplæringa, diakonien og kyrkjemusikken har stått sterkt, og det er

gledeleg å sjå stadig fleire deltakande på gudstenester og kulturarrangement.

Samtidig ser vi utfordringar som krev merksemd og handling. Vi veit at mange barn og unge slit med einsemd og psykisk uhelse. Det same gjeld for mange eldre. Vi står også overfor krav til digitalisering, miljøvenleg drift, og behov for godt vedlikehald av bygg og gravplassar. Ei anna utfordring er behovet for utviding av nokre av gravplassane våre allereie i 2030-2033. Tida er knapp for å komme i mål med desse i tide. Eit viktig læringspunkt i 2024 har vore at vakansar og manglande vikarar tærer på både folk og arbeidsmiljø – vi må sikre oss betre for å ta vare på dei vi har, og sikre kontinuitet i tenesta.

Vi går inn i 2025 med frimod og håp, klare til å møte utfordringar med klokskap, openheit og fellesskap. Det er i lag vi står sterkt – tilsette, frivillige, sokneråd, fellesråd, kommune og kyrkjelydar. Kyrkja si rolle som samfunnsberar, trusformidlar og fellesskapsbyggjar er viktig – og vårt oppdrag er tydeleg: å vere nær Gud og nær menneske, i glede og i sorg, i kvardag og i fest.

TAL I KYRKJA I ØYGARDEN



Antal medlemmer i DNK

28 482

71 % av befolkninga i Øygarden

113 færre enn i 2023

23 innmeldt

99 utmeldt



Antal gudstenester
søn- og heilagdagar

261

| 9 færre enn i 2023

Antal deltakarar
på gudstenester

36 978

| 394 fleire enn i 2023



Antal døypte

251

62,7 % av fødte

13 fleire enn i 2023



Antal konfirmerte

359

62,3 % av alle 15-åringer

7 færre enn i 2023



Antal vigde

49

2 færre enn i 2023

Foto: Matilde Soisvik

ARBEIDET I KYRKJELYDANE





Seksjon for barn og unge

«Gud gir, vi deler»

Visjonen er henta frå "Plan for trusopp-læring". Ein visjon er ei førestilling om ein idealtilstand, eit framtidshåp eller ein draum. Vi som jobbar i kyrkja og med barn og unge skal gje av det som Gud gir oss. Visjonsbøtta skal lekkje, ho skal rett og slett renne over av dei gode møta, dei sterke historiene, tette relasjonane, bibelforteljingane og det at vi er så velsigna å få møte menneske som får bli kjent og vil bli betre kjent med Gud og Jesus.

Dette hadde vi aldri fått til utan dei fantastiske medarbeidarane våre! I ulike stillingsstorleikar så er kvar og ein like viktig. Kvar og ein er ute i Øygarden, frå Sund i sør til Hjelme i nord og møter barn, ungdommar og familiane deira. Dei byggjer relasjonar, trygge fellesskap, formidlar tru, håp og kjærleik. Vi er også velsigna med mange, engasjerte, fantastiske uløna medarbeidarar rundt omkring i kyrkjelydane våre i heile kommunen. Vi er så takknemlege for at barn og unge møter akkurat dykk og at de ønskjer å bruke av tida dykkar for kyrkja og for arbeidet med å dele visjonen og spreie Guds gode budskap!

Barn og ungdommar som går i kyrkjelydane våre står i same utfordringar som alle andre. Det er for mange som kjenner på press, einsemd, utanforskap, og som har utfordringar med sjølvbilete, tungsinn og angst. Kyrkja skal vere ein viktig arena der barn og ungdommar kan møte ein fellesskap der tryggleik og kvar einskild sin ukrenkelege

og uendelege verdi blir det viktigaste fokuset. Guds kjærleik til menneska er det viktigaste vi kan dele, og Gud og vi i kyrkja ønskjer alle velkomne inn i den store fellesskapen, og dei lokale fellesskapa våre.

I året som har gått har det vore mange høgdepunkt. Samstundes må vi vere realistiske og også sjå på kva som ikkje gjekk like godt i året som gjekk. Skal vi halde fast på det som ein gong fungerte godt, men som ikkje fungerer like godt lengre, eller skal vi tørre å prøve ut nye ting? Endringar krev ein omstillingsprosess. Nokre endringar er til det gode, andre er ikkje utviklande eller positive. Likevel, ved å prøve å sjå det positive sjølv i det som ved første augekast ikkje ser like lyst og positivt ut, tar vi del i oppdraget vi har fått: Gud skapte lyset, Jesus er verdas lys og vi skal vere lys for kvarandre. Vi skal finne lyset. Av og til er det veldig enkelt å finne, andre gonger er det vanskeleg og ein må verkeleg leite. Slik er det å vere menneske, å vere Guds barn.

Fleire høgdepunkt

Nokre av dei store lysglimta i 2024 skjedde i jubileumsveka i Fjell i september. Jubeltweens som samla 150 tweensarar, og FUNK-arrangement i samarbeid med Bildøy Bibelskole var utan tvil to av dei største høgdepunkta! Andre var T9 Tårnagent i Foldnes kyrkje, leirar i Hjelme og Blomvåg, T13 Action i Foldnes kyrkje, LysVaken i alle sokna, konfirmantleirar på Skjergardsheimen



- Konfirmantane i Hjelme og Blomvåg var på konfirmantleir på Skjergardsheimen. Der lærte dei om Egypt og arbeidet som Stefanusalliansen gjer der. To veker seinare gjekk dei rundt med bøsser og samla inn pengar til misjon.

for Fjell, Foldnes og Landro, konfirmantleirar på Fjell-Ly og CampVestland, Norheimsund, og heimeleir for konfirmantane i Sund. I tillegg til trusopplæringstiltak er det mange kontinuerlege tiltak som går gjennom heile året, slik som Tweensklubb i Fjell, Landroklubben, Betweensklubb i Sund, UngdomsLørdag i Foldnes, KRIK Ulveset og KRIK Hjeltefjorden. Tenk at alle desse tiltaka og fleire til foregår i Den norske kyrkja i Øygarden. Det er stort! Det er tiltak som vi skal halde fram å invitere barn og unge til, og ikkje minst framleis halde oppe interessa for dei som allereie er med.

36

Antal deltakarar på leiarkurs for unge

Antal i 2023 var 18

Leiarkurstilbod

Etter konfirmanttida blir ungdommane i Fjell, Foldnes og Landro sokn inviterte på LED – leiarkurs. LED har samlingar med tema som «Kven er eg», «Samarbeid», «Bibelformidling», «Inkludering», «Makt og grenser», «Kva er ein god leiar» I tillegg har ungdommane praksis i ulike deler av kyrkja sitt barne- og ungdomsarbeid.

Skule-kyrkje-samarbeidet

I møte med skular og barnehagar får vi oppleve at visjonen vår har ein mykje større arena og nedslagsfelt enn i kyrkjeromma og dei tradisjonelle religiøse romma. Her i Øygarden ønskjer dei aller fleste skulane å kome til kyrkja og dei blir også transportert med bussar eller går til kyrkjene for å delta på skulegudstenester. Det er sjølvsagt frivillig å delta og dei som ønskjer fritak treng ikkje vere med, dei får tilbod om jamngode alternativ på skulen eller andre



1395
barnehagebarn i
møte med kyrkja

5837
skulebarn i møte
med kyrkja



stader. I tillegg til dette blir ulike årstrinn i barnehagar og skular inviterte til vandringer i kyrkjene og på gravplassane, og dei får tilbod om vandring gjennom bibelen-kurs av kompetente medarbeidarar her i kyrkja. Dei aller fleste er positive til å bli inviterte til kyrkja og til å ta imot besøk. Dette gjeld både skulane og barnehagane.

Vi bad om tilbakemeldingar vedrørende samarbeidet mellom skule/barnehage og kyrkja (SKU) frå barnehagane og skulane rett før jul. Tilbakemeldingane viser oss at samarbeidet blir verdsett og at kompetansen som kyrkja har som kulturformidlar, samfunnsberar og undervisning blir sett ute blant skulane og barnehagane. Vi er takknemlege for å ha dette samarbeidet. Takk!


75 000 menneskemøte

Medarbeidarane i seksjon for barn og unge hadde 75 000 menneskemøte i løpet av 2024. Nokre av desse møta var korte,

som ein varm, raskt forbigåande mild bris. Andre møte var lengre, som ein god, varm klem, og nokre møte var skjelsetjande og livsforvandlande. «Nær Gud, nær menneske», visjonen for Øygarden kyrkjelege fellesråd går hand i hand med desse menneskemøta. Vi er nær menneske og vi er nær Gud, for Han er med oss i alt vi gjer.

” Kyrkja er viktig både på samfunnsplan, kulturelt og i undervisninga!

*Avdelingsleiar på ein barneskule
i Øygarden kommune*



Utdrag frå trusopplæringsstatistikken i alle sokn

94

Antal på babysong

82 færre enn i 2023



77

**Familiegudsteneste
med 4-årsbok /
T4 Kyrkjeboka mi**

30 fleire enn i 2023





71

**1. klasseleirdag /
Ranselbøn /
T6 skulestart**

3 fleire enn i 2023



103

**Familiegudsteneste
med utdeling av bibel /
T10 HalloTweens**

14 fleire enn i 2023



1805

**Total deltaking
på alle
trusopplæringstiltak**



Kyung fortel:

Ungdomsarbeidet i Foldnes og Landro

Sidan eg møtte Jesus då eg var tenåring, har eg vore aktiv i kyrkja, med søndagsskule, kor, ungdomsarbeid, bønnesamlingar, besøksarbeid og liknande. Viss nokon spør meg korleis eg møtte Jesus, seier eg først at eg i ungdomstida kjende at evnene mine ikkje strekte til, og at livet verken var lyst eller hadde meaning. Men i dag, etter mange år i kyrkjearbeid, også i Landro og Foldnes, ser eg heilt annleis på det.

På same måte som Gud viste meg korleis han ser på meg, ser eg på ungdommane og andre eg møter som verdifulle skattar. Eg veit at dei kan møte utfordringar og oppleve motgang, kjenne seg utrygge, ikkje alltid forstå seg sjølve, og at dei ikkje alltid gjer alt rett, akkurat som eg då eg var på same alder. Dei kan kjenne seg som vaksne, men er det likevel ikkje heilt enno. Nokre gonger kan dei vinne, men ofte kjenne at dei taper.

Uansett elsker eg dei av heile mitt hjarte, og eg ønskjer å gi dei ein stad der dei kan bli oppmuntra, føle seg trygge, ha det kjekt, og få noko å sjå fram til. Men mest av alt ønskjer eg at dei skal få sjå den verdien dei har i Guds auge. Eg er så takksam for desse fantastiske og verdifulle skattane i Landro og på Foldnes som eg får lov til å vere saman med.



492

**Antal samtalar med
einskildmenneske**

80 fleire enn i 2023

534

Antal frivillige

10 færre enn i 2023

89

**Antal andakter på
institusjon eller aldersheim**

14 færre enn i 2023

FRIVILLIGFEST

Kvart år blir dei frivillige i dei ulike sokna invitert til frivilligfest. På denne måten får kyrkja takke dei mange frivillige som er med på å drive kyrkjene med ulike frivillige tenester som dei utfører i løpet av året. Her frå festen i kyrkjekjellaren i Sund kyrkje.

Foto: Olai Otterå





Seksjon for diakoni

Diakonien i Øygarden er der for å etablere fellesskap som menneske kan vere ein del av, uansett kva historie ein har. Den skal også hjelpe og støtte menneske som av ulike grunnar treng å reetablere livet, eller treng å finne ein måte å leve med livet sitt slik det er.

Dette gjer vi ved å arrangere månadlege treff i alle kyrkjelydane for dei som er heime på formiddagstid. Vi har basargrupper/strikkekafé for dei som likar handarbeid og ynskjer å laga noko til inntekt for nokon som treng det. Det blir arrangert generasjonskveld i Landro, småprat på Rong og kyrkjebenken i Sund for dei som berre vil slå av en prat. Myldredag og Betweeneklubb er for familiar og unge, men det òg er fellesskap som ikkje krev anna enn at ein kjem. Aktivitetane i Kyrkjekjellaren i Foldnes vert fleire og diakoniarbeidaren der vil opne dørene for turgåarar og andre. Fjell kyrkje er igjen open kvar onsdag for alle som vil kome innom. Busstur til Moster i august vart det òg, med ca. 50 deltakarar. Vi samlar menneske med utviklingshemming månadleg i Foldnes, driv sorgarbeid både med grupper for vaksne og einskildsamtalar med både ungdom og vaksne. «God nok» er eit arbeid for ungdom før ungdomsskulealderen der ungdomane blir førebudde på tenåringstida med dei utfordringane som ligg i det. Dette arbeidet er eit samarbeid mellom skule, helsesjukepleiar og diakon. I 2024 starta arbeidet med å utvide tilbodet til Ågotnes og seinare Ulveset skular.

Vi har no tilsett diakonar og diakoniarbeidarar i alle dei fem kyrkjelydane i Øygarden i varierende stillingsstorleikar, men alle over 50%.

Samskaping med kommunen er konkretisert særskilt innan sorgarbeid for både vaksne og ungdom og «God Nok», i tillegg til den

kontakten vi har ved at vi avhjelper behovet for samtalar med einskildmenneske. (115 samtalar i kyrkja sine lokale og 184 heimebesøk i 2024). Tradisjon tru inviterterte vi òg i 2024 pårørande til dei som var gravlagt siste året til å kome til kyrkje på allehelgensdag. I tillegg var kyrkja til stades med utdeling av lys og ein liten prat på kjøpesentera i kommunen laurdagen før allehelgensdagen.

Eit anna samskappingsprosjekt med kommunen er Basecamp. Der møter vaksne og ungdomar kvarandre både på ope hus, og på arbeidspraksis med sykkelverkstad og redesign. Basecamp fekk i 2024 ny dagleg leiar og vi arbeider aktivt med å finne nye lokale til sykkelverkstaden som no har vore midt i ein byggeplass i lang tid. Arbeidet med å gjere om foreininga Basecamp til eit ideelt aksjeselskap, har enno ikkje funne si løysing. Den kjem i 2025.

I 2024 vart diakonar brukt som foredrags- haldarar både på fagsamlingar for helesjukepleiarar og på Aktiv+. Kyrkja er, og vil gjerne vere, ein god samarbeidspart i forhold til kommunen og alle dei oppgåvene kommunen har ansvar for. Kommunen har i si omsorgsteneste eit ansvar for å møte, ikkje berre dei fysiske utfordringane innbyggjarane har, men også dei åndelege. Og i ei menneskeleg eller samfunnsmessig krise, har kyrkja ritual og stor erfaring som tek vare på dei menneska som står midt i krisa.

Diakonien er kyrkja sin omsorgsteneste og diakonien i Øygarden søker å nå dei som treng ein medvandrar over tid eller ein som kan ta nokon med inn i eit fellesskap der dei kan få ta del med både ressursar og med behov. Kyrkja har lang tradisjon med å snakke sant om livet, og det gjer vi i Øygarden òg.

Øygarden kyrkjebrass spelte på Sartor senter i samband med frivilligdagane. <



< På "God Nok" får elevane i 7. klasse på Landro skule oppleve meistring. Saman med trygge vaksne skaper dei gode opplevingar. Elevane sjølv beskriv "God Nok" som: vennskap, aktivitetar, mat, trygge vaksne, leik med venner, gøy og ein trygg stad å vere.

Nord i Øygarden <
gjekk 17. mai-toget
frå Hjelmekrysset
til Hjelme gamle
kyrkje. Der var det
kransnedlegging
ved minnesmerket
og så gudsteneste i
gamlekyrkja.





Kranseverkstad

Det lukta gløgg, mandarinar og granbar i kyrkjekjellaren i Foldnes. Nina Bru frå kysthagen i Sund var invitert til Foldnes for å vise fram korleis ein laga dørkransar for å pynte til julehøgtida. Stemninga var god blant dei 30 personane som var samla, for det meste damer. Dei to mennene som kom, kosa seg også og var heilt på høgde med resten av gjengen både med å lage god stemning og fine resultat.

Det var folksamt og tett i mellom kransane. Her kom naboar, svigerinner, mødre og døtre, veninner saman og nokon utan å kjenne andre frå før. Fleire generasjonar var samla og den yngste sov seg gjennom heile aktiviteten. Med seg heim fekk ein både nydelege kransar og velsigning.



- Laurdagen før allehelgenssøndag stod diakonane rundt om kring på sentra i Øygarden og delte ut lys. –Nokre takkar nei, andre blir glade og seier 'Det var fint, tusen takk!'. Ei dame sa ho ikkje trudde på Gud, og eg svara at det er greitt, men du kan få tenne eit lys for nokon likevel. Det gjorde henne glad, seier diakon Astrid Fylling.

Kvart år blir Kausland kyrkjelydshus fyllt opp under vårmagnaden. Med åresal, sal av bakst og loddbooker er dette eit veldig populært arrangement.



- Gospel Teens var med og sang under den store julekonserten «Øyfolkets jul» i Hjeltefjorden arena.



- 2. påskedag var det tradisjon tru friluftsgudsteneste på Fjell festning. Denne gongen var det strålende vår. Øygarden kyrkjebrass spelte til gudstenesta.

Ein formiddag i månaden inviterer vi til Treff i Foldnes kyrkje – ein stad der ein kan koma akkurat som ein er, byggje nye relasjonar og oppdage at ein ikkje er åleine. Treff er ein møteplass med god tid til samtale, der fellesskap og nærvær står i sentrum. Det vert alltid servert god mat, halden ein andakt og sunge mykje saman.



- Hjelme og Blomvåg sokn fekk nytt ungdomsteam på hautsen. Dei held fram med samarbeidet med Helgeland folkehøgskule.



Seksjon for kyrkjemusikk

Om seksjon for kyrkjemusikk

I seksjon for kyrkjemusikk er det fem kantorar/organistar og ein seksjonsleiar. I løpet av 2024 har det vore to vakante stillingar, i Fjell og i Sund kyrkjer. Vi har vore så heldige å få tilsett to dyktige kantorar/organistar i desse stillingane. I januar starta organist i stillinga i Sund og i byrjinga i august starta kantor i Fjell. I tillegg har seksjonsleiar hatt permisjon i store delar av 2024, og det har vore inne vikar i stillinga. Med andre ord har seksjonen vore prega av å bli kjent med kvarandre og vi har fått sementert eit godt team.

Kyrkjemusikalsk verksemd

Det kyrkjemusikalske arbeidet i sokna er i hovudsak knytt til:

- Gudstenester
- Gravferder
- Vigsler
- Kor
- Institusjonsbesøk/andakter
- Konsertar
- Skule- og barnehagesamarbeid (SKU)
- Trusopplæring / kyrkjeleg undervising og læring
- Samarbeid med ulike musikkaktørar

Det kyrkjemusikalske arbeidet er knytt til og involverer både tilsette i kyrkje, men òg frivillige og andre profesjonelle aktørar.

Kantorane/organistane sitt arbeid har både vore av administrativ- og utøvande art. Dette

inneber alt frå e-postar, koordinering og planlegging, til øving, framføring- og utøving av kyrkjemusikk.

Seksjon for kyrkjemusikk har jamlege møte og nokre saker har vore i fokus i 2024:

- Tenesteplanar/bemannning
- Økonomi
- HMS
- Verte betre kjend
- Anna kyrkjefaglege tema, som kyrkje-musikkplan, koralspeling, kombinasjons-system i dei ulike kyrkjene, og liknande.

Fagleg utvikling

Seksjon for kyrkjemusikk har i snitt eit seksjonsmøte i månaden. Her møtast vi for praktisk tilrettelegging av arbeidet og fagleg påfyll og diskusjonar. Seksjonsleiar og fagleiar for kyrkjemusikk har hatt to møte for å planleggje, fylle og utvikle seksjonen for kyrkjemusikk med fagleg innhald eit halv om gongen.

I juni drog to av kantorane/organistane på fagdagar på Moster. Fagdagan var fylt med ulike og spennande tema. Det var òg rom for konsertar og gode fellesskap på Moster.

Konsertverksemd

Kyrkjene våre er populære arenaer for konsertar, både av interne og eksterne aktørar. I 2024 vart det arrangert omtrent 40 konsertar frå både interne og eksterne aktørar. Det vil seie ein liten auke frå 2023.

Øygardssong

I samarbeid med ØKF, INRI-kyrkja og Vik bedehus vart det i oktober arrangert Øygardssong i kulturhuset på Rong.

Visjonar for framtida

Seksjon for kyrkjemusikk ønskjer framover å glede, begeistre og engasjere folk i ulike høve

med gode musikalske opplevingar. Vi ønskjer å fortsette med å formidle kristen tru gjennom kyrkjemusikken. Kyrkjemusikken skal dekkje heile aldersspekteret frå livet byrjar til det endar.

Vi ønskjer å vere ein sterk fagleg seksjon som stadig vidareutviklar dei kyrkjefaglege ferdigheitene.

HAUSTAKKEFEST

Stjernekolet stilte opp i nye t-skjortar då dei sang på gudstenesta i Sund kyrkje



6

**Antal kor/brassband
for vaksne**

1 meir enn i 2023



8

Antal kor for barn og unge

Same antal som i 2023



7891

**Deltakarar på konsertar
og kulturarrangement**

1282 fleire enn i 2023





OTTESONG

Under den tradisjonelle markeringa på Lucia-dagen song Øygarden kulturskulekor med vakre klare stemmer Foldnes kyrkje. Det var ekstra spesielt at NRK Radio «God morgen, Hordaland» hadde heile morgonsendinga frå kyrkja.



- Gjennom T-dagen vart 12-åringar som sokna til Fjell, Foldnes og Landro inviterte til å overnatte i Fjell kyrkje på T12 LysVaken i november.



- Søndag 9. juni var det gudsteneste i Bygnaden i Trellevik, arrangert av speidarane. Sokneprest Lars Arne Vik heldt gudstenesta, og sjølv om det ikkje var musikk til gudstenesta vart det song. Etter gudstenesta var det kyrkjekaffi og ei sporløype som gjekk frå Trellevik til bedehuset og vidare til hovudvegen.

På den årlege musikkfestivalen Øygardssong kunne ein sjå Morten Samuelsen, Kor Harmoni, Katrine Skjold og mange fleire songarar og musikarar.



Kyrkjelyden i Hjelme og Blomvåg har i fleire år støtta hjelpearbeid i slumområdet i Kairo gjennom Stefanusalliansen. Området vert av mange kalla Sjøppelbyen, sidan det rett og slett er ein søppelplass. Her bur det stort sett kristne koptarar, ein undertrykt minoritet i Egypt som lever av å sortere søppel. Kyrkjelydspedagog Hogne Berland reiste til Kairo saman med tidlegare ungdomsarbeidarar Johanne Hatten og Ole Martin Solsvik i april. Med på turen var også Christine Gripsgård Lunga og Joar Haavik frå Stefanusalliansen.



Landro kyrkje inviterte til sommarfest etter ei gudsteneste i juni. Sjølv om det regna på sjølve dagen var det god stemning inne i kyrkjekjellaren.



Foldnes kyrkje kjøpte inn eit ekte Hammond tonehjulorgel. Dette er finansiert heilt utanom soknerådets ordinære budsjett, ved fleire større einskildgåver og ein dugnadskonsert med pengeinnsamling

SEKSJON FOR KYRKJER OG GRAVPLASSAR





Kyrkjebygg

Øygarden kyrkjelege fellesråd har driftsansvar for totalt åtte kyrkjer: Kausland, Sund, Fjell, Foldnes Landro, Blomvåg, Hjelme og gamle Hjelme. Alle utanom Hjelme gamle kyrkje er i dagleg bruk.

Vedlikehald

Restaurering av Fjell kyrkje

Fjell kyrkje som er den eldste kyrkja i kommunen, hadde 150-årsjubileum i september 2024. Då hadde kyrkja vore stengt for restaurering i nær eitt år.

Under denne perioden vart mellom anna følgjande arbeid utført:

- Omfattande rehabilitering av taket og berekonstruksjon: Dette inkluderte riving og omlegging av tak og berekonstruksjon, samt utbetring av klimaskall og laftekasse.
- Rehabilitering og oppgradering av vindaug: Vindauga vart demontert og sendt til verkstad for rehabilitering, då det berre er eit fåtal i landet som driv med dette arbeidet.
- Energibesparande tiltak: Vindsperr i veggjar, isolering og installasjon av nye varmekjelder vart gjennomført for å betre energieffektiviteten i kyrkja.

Til jubileet framstod kyrkja nyrestaurert og vakker. Likevel stod noko av arbeidet att på grunn av manglande finansiering. Tildeling av midlar frå kyrkjebevaringsfondet gjorde at arbeidet kunne starta opp igjen.

Stillaset vart satt opp igjen rundt tårnet og kyrkjelydshuset. Utsifting av papp, lekter og relegging av takstein på kyrkjelydshuset vart ferdig desember 2024.

Arbeidet på tårnet vil etter planen verta ferdig våren 2025. Arbeid som stod igjen ved utgangen av 2024 var reparasjonar og tekking av tårn, montering av varevindaug i kyrkjeskipet og reparasjon av to blyglasvindaug bak i kyrkjeskipet.

Undervegs i arbeidet vart det avdekkja behov for reparasjonar også av glasmaleriet framme i koret. Dette er eit omfattande arbeid som snarleg må takast opp som eit eige prosjekt.

Det er Øygarden kommune som ivaretek byggjeleiinga, og Akasia AS er hovud-entreprenør i prosjektet.

Alarmar

Vi har gjort fleire mindre vedlikehald på kyrkjene, og det er ikkje alt som er like synleg.

Fordi 2g-nettet vert fasa ut har vi skifta ut fleire sendarar som er knytt til alarmane i kyrkjene. Det er ikkje kjekt å måtte skifte ut noko som ikkje er øydelagt, men dette er eit viktig tiltak for å sikre kyrkjene våre.

Kyrkjekjellaren i Foldnes

Etter at barnehagen flytta ut og Øygarden kommune ikkje lenger disponerte kyrkjekjellaren, vart denne pussa opp. Det vart mellom anna malt, montert nytt kjøkken, kjøpt inn møblar og lagt inn teleslynge. Dette har vorte eit flott lokale som har vore brukt til både konfirmasjons- og dåpsfest, selskap og minnesamver.

Lokalet har også vore viktig i Foldnes sokn sitt kyrkjelydsbyggande arbeid.




➤ Kyrkjegards-
arbeidarane arbeida
med å få grus og fin
platting utanfor Fjell
kyrkje før jubileet.



ENØK

ØKF ynskjer å spare miljøet og redusere utgifter. Mange av kyrkjene har no varme-pumper, og vi har også installert varme-styring i 6 av 8 kyrkjer. Dette kom på plass utover hausten. Figuren under viser straum-forbruket i 2023 og 2024, og som ein kan sjå gir varmestyringar gode resultat.



Vi har tru på at 2025 vil være eit år der vi kan sjå mindre energibruk i kyrkjene.

Brannvern

Det vart halde brannøving i alle kyrkjene i 2024. Ved branntilsyn for 2024 vart mindre avvik oppretta. ØKF har tatt i bruk ei digital løysing for å forbetre brannvernrutinane våre.



Dørene til både Fjell kyrkje og Blomvåg kyrkje vart pussa og nybeisa i løpet av sommaren.



- Fjell kyrkje vart også malt innvendig. Veggane fekk eit lysare strøk, det vart gjort male-reperasjonar på søylene fram mot altarpartiet. Benkane fekk eit meir roleg uttrykk.



- ◀ Kyrkja var nymalt og fin til 150-årsjubileet i september.



Gravferdsforvaltning

ØKF er gravplassmynde i Øygarden kommune. I Øygarden kommune er det 16 kyrkjegardar og gravplassar som fellesrådet har ansvaret for.

I tillegg til gravplassane som er i bruk i dag, er det fleire kolerakyrkjegardar i kommunen. Desse er på Møvik, i Klokkarvik og i Bildøydalen. Kyrkjegarden i Bildøydalen vart også brukt som gravplass for russiske krigsfangar som vart gravlagt under 2. verdenskrig. Vi har fått stadfest at dei gravlagde vart flytta til Nygård gravplass etter krigen. Sør i Telavåg ligg den nedlagte gravplassen "Fredens bolig."

Kolerakyrkjegardane og dei nedlagde gravplassane er kulturminne som treng omfattande oppgradering. Øygarden kyrkjelege fellesråd sitt ansvar er knytt til kyrkjegardar som er i bruk, men det er likevel vi som får henvendingar frå publikum som ønskjer at desse gamle gravplassane vert oppgraderte og haldne ved like. Vi har vore i dialog med Øygarden kommune om dette.

Bårerom

Vi har hatt for liten kapasitet på bårerommet i Foldnes. Her har vi kjøpt inn ein kistekjøl

for å forbetre kapasiteten. Dette var og kjøpt inn til bårerommet i Blomvåg kyrkje då kjølesystemet der vart øydelagt. Vi har fått gode tilbakemeldingar frå gravferdsbyråa på desse kistekjøl

Vedlikehald

Gangvegane på Blomvåg gravplass vart asfaltert for å betre framkomst og vedlikehald.

Då vekstsesongen starta leasa vi ein robot-grasklippar for å teste dette ut korleis dette fungerte mellom alle gravminna på ein gravplass. Den vart plassert på Staume gravplass. Viss ein ser vekk frå litt innkøyringsutfordringar, så er dette ei god løysing for å få fint stelte gravplassar.

Kapasitet

Sund, Blomvåg og Foldnes gravplass må utvidast i perioden 2030-2033. Øygarden kommune er informert om dette.

Telavåg gravplass har også dårleg kapasitet. Vi er informert om at Øygarden kommune ikkje ønskjer å utvide denne. På dei andre gravplassane er det enda god kapasitet.

Gravferder og bisetjingar i 2024

HJELME OG BLOMVÅG SOKN

11 bisetjingar

10 i 2023

27 gravferder

30 i 2023

FOLDNES SOKN

48 bisetjingar

47 i 2023

35 gravferder

36 i 2023

ØYGARDEN KOMMUNE

Totalt 193

bisetjingar og gravferder

Totalt 213 i 2023

6% oppgang i bisetjingar

55% oppgang i 2023

22% nedgang i gravferder

33% nedgang i 2023

47% urnegraver

39,5% i 2023

53% kistegraver

60,5% i 2023

*Antallet i Fjell i 2024 har samanheng med at seremoniane har vore i Foldnes eller Landro pga restaureringa av Fjell kyrkje.

LANDRO SOKN

14 bisetjingar

6 i 2023

9 gravferder

23 i 2023

FJELL SOKN*

3 bisetjingar

11 i 2023

3 gravferder

17 i 2023

SUND SOKN

13 bisetjingar

10 i 2023

27 gravferder

23 i 2023

KYRKJEVERJA SIN ADMINISTRASJON





HR/personal

Medarbeidarar

Det var pr. 31.12.2024 50 tilsette medarbeidarar i Øygarden kyrkjelege fellesråd, fordelt på 32 kvinner og 18 menn.

Til saman var det 37,27 årsverk i organisasjonen ved utgangen av 2024. I løpet av 2024 var det seks nytilsette i faste stillingar.

Helse, miljø, tryggleik


Målet for HMT-arbeidet er å "arbeide for å utvikle og sikre eit fysisk og psykososialt arbeidsmiljø som gir dei tilsette tryggleik og trivsel i kvardagen og at det vert gitt rom for utvikling, samarbeid og fellesskap." Dette har vi arbeidd strategisk med heile året gjennom det systematiske HMT-arbeidet vårt, målretta tiltak og samarbeid med viktige arbeidslivspartar.

Forum for arbeidsmiljø

Forum for arbeidsmiljø (arbeidsmiljøutvalet) er eit partsamansatt forum av verneomboda,

seksjonsleiar for barn og unge, seksjonsleiar for kyrkjer og gravplassar og kyrkjeverja. I forum for arbeidsmiljø er òg ein representant frå bedriftshelsetenesta, personalleiar og verneombod for prestane. Forum for arbeidsmiljø skal arbeide for eit fullt forsvarleg arbeidsmiljø for alle i verksemda. I 2024 har det vore fire møte og dei viktige sakene i forumet har vore:

- Oppfølging av avvik og varslar
- Sjukefråvær og sjukefråværsstatistikk
- Oppfølging av Medarbeidarundersøkinga 2023
- Risikovurderingar og vernerundar
- HMT-handlingsplan og HMT-årsrapport med bedriftshelsetenesta
- Andre HMT-saker som t.d. nye digitale system for kompetanseheving, branntilsyn og andre saker med relevans for arbeidsmiljøet



Drøftingsmøte med tillitsvalde

Drøftingsmøtet er møtepunkt med dei tillitsvalde der vi snakkar om- og drøftar viktige problemstillingar som gjeld dei tilsette. Det har vore gjennomført fire drøftingsmøte med tillitsvalde i 2024, men i tillegg tett samarbeid med dei tillitsvalde i samband med tilsettingar. I drøftingsmøta har desse sakene vore viktig:

- Medarbeidarundersøkinga 2023
- Arbeidstid og jobb-fritid-balanse
- Innføring av nye digitale system
- Økonomi, lønspolitikk og løn generelt
- Strategi for Øygarden kyrkjelege fellesråd
- Andre saker som angår vilkåra til dei tilsette

Systematisk HMT-oppfølgning

I 2023 vart det gjennomført ei medarbeidarundersøking som har vorte følgt opp i etterkant. I første halvdel av 2024 har dei ulike sokneteama og seksjonane snakka om dette i sine respektive møte og ein teamkontrakt har vorte sett nøyare på. I midten av 2024 har vi òg revidert og risikovurdert ulike høve i dei ulike seksjonane og sokneteama. Oppfølginga av medarbeidarundersøkinga og risikovurderingane er to konkrete tiltak vi gjer for å sikre eit trygt og fullt forsvarleg arbeidsmiljø for alle tilsette.

Vi har òg ein HMT-handlingsplan for å sikre ei systematisk framdrift i det viktige HMT-arbeidet vårt.

Kompetanseutvikling og opplæring

I løpet av 2024 har Øygarden kyrkjelege fellesråd gjort fleire tiltak for å sikre høg kompetanse hos dei tilsette. Vi har blant anna tatt i bruk det nye kompetansehevingsverktøyet «Læringsplattformen». Alle tilsette har vorte meldt opp til kurs innan personvern og informasjonssikkerheit. Det har òg vore fagdagar for ulike faggrupper i løpet av året. Sist, har vi fått eit heilskapleg og systematisk introduksjonsprogram for nytilsette. Læringsplattformen, fagdagar og introduksjonsprogrammet er konkrete tiltak vi gjer for å sikre å ha naudsynt kompetanse både no og i framtida, og kjem effektivt inn i stillingane sine.

Likestilling, inkludering og mangfald

ØKF har i 2024 arbeidd aktivt for kjønnsbalanse i alle stillingskategoriar, inkludert leiande stillingar.

Dette gjer vi ved å sikre at stillingsutlysingar og tilsettingsprosessar er kjønnsnøytrale og ikkje diskriminerande. Det vart gjennomført lønskartlegging for å sikre lik løn for likt arbeid og for å avdekke eventuelle forskjellar. Slike forskjellar vart ikkje funne.

I oktober vart det arrangert fagdag om likestilling, inkludering og mangfald i samarbeid med Askøy kirkelige fellesråd og Bjørgvin bispedøme.

Sjukefråværsstatistikken for kvartal og heile 2024 i ØKF

Ei gledeleg nyheit er at det samla sjukefråværet i 2024 har gått ned med 2%, korttidsfråværet har gått ned med 0,3% og langtidsfråværet har gått ned med 1,8% samanlikna med året før.


Sjukefråværsstatistikk for 2024 i ØKF:

	Øygarden KF	Næringa elles
Samla sjukefråver	4,9%	5,1%
Gradert sjukefråvær	61,5%	49,0%
Korttidsfråvær (frå 1. til 16. dag)	0,7%	0,5%
Langtidsfråvær (frå 17. dag)	4,2%	4,6%

Kvartaloversikt:

	Øygarden KF	Næringa elles
1. Kvartal	4,4	5,4%
2. Kvartal	5,8%	5,4%
3. Kvartal	4,5%	4,5%
4. Kvartal	4,9%	5,2%

Det er nær oppfølging av dei sjukemelde og sjukefråværet er i liten grad arbeidsrelatert. I løpet av ØKF fått råd frå bedriftshelsetenesta i Forum for arbeidsmiljø og utbetra rutinane våre i samband med sjukefråværsoppfølging.



Kommunikasjon

I 2024 har kyrkjemagasinet Himmel&hav komme ut med fire nummer. I 2024 brukte vi RKGrafisk til å trykke bladet, og Posten/Bring til distribusjon

Redaksjonen har bestått av ein frivillig frå kvart sokn og har fire redaksjonsmøte i året, eit møte for kvart nummer. Hausten mangla vi redaksjonsmedlem frå Fjell sokn.

I august-nummeret hadde vi, i samband med 150-årsjubileet til Fjell kyrkje, eit jubileumsnummer. Dette nummeret hadde 12 ekstra sider i midten. Informasjonskonsulent fekk ekstra hjelp frå Egil Morland og Knut Kaldestad med stoff til innstikket.

Kvar kyrkjelyd har si eiga Facebook-side der vi annonserer gudstenester og andre aktivitetar. Det vert også publisert lenker til artiklar frå fellesrådet si nettside og frå nettsida for kvar av kyrkjelydane.

I november starta vi opp arbeid med eit nyheitsbrev som blir sendt på e-post. Dette brevet brukar vi for å vise fram noko av det

flotte arbeidet som Den norske kyrkja driv i Øygarden. Brevet blir laga via Make og blir sendt ut ein til to gonger i månaden. Det blir sendt til tilsette, folkevalde, frivillige og andre interesserte. Det blei sendt ut to brev i 2024. Vi har oppmoda alle tilsette å hugse å ta fleire bilete og skrive meir om arrangementa for å vise fram det som skjer ute i kyrkjene. Tekst og bilete legg vi først inne på nettsidene til kyrkjene som ein artikkel og deretter lenker vi dei inn i nyheitsbrevet.

Informasjonskonsulent har laga fleire logoar dette året:

- Jubileumslogo Fjell kyrkje 150 år
- Redesign av logo til T-dagen
- Redesign av logo til FUNK
- Jubileumslogo Hjelme gamle kyrkje 150 år

Informasjonskonsulent arbeider også med kyrkjelydane og fellesrådet si årsmelding. Desse er og viktige kanalar for informasjon om Den norske kyrkja sitt arbeid i Øygarden.

Seksjon for økonomi og administrasjon

Seksjonen

Seksjon for økonomi og administrasjon har seks tilsette fordelt på 4,9 årsverk. Seksjonen yter tenester internt til fellesrådet, sokneråd og sokneteam. Administrasjonen tek dagleg ansvar for ei rekke oppgåver. Oppgåvemengda er svært samansett, og for mange av oppgåvene er det kontinuerleg tidsfristar som skal rekkast.

Året 2024

Året 2024 var det andre året med Aider Rjukan som leverandør av løn- og rekneskapstenester til fellesrådet og sokna. Det har også i 2024 vore utfordringar knytt til fakturering og integrasjon mellom rekneskapssystemet Xledger og gravsystemet Ecclesia. Først i starten av 2025 har vi fått det meste på plass knytt til fakturering av festeavgifter. Det er gjort avsetjing i rekneskapen dersom vi må korrigera nokon av krava som vart sendt ut i 2024.




Intervju med kyrkjelydspedagog
Hogne Berland om å arbeide i kyrkja.



Hogne Berland kjenner seg igjen i likninga om såmannen som trengde tolmod og tillit.

Intervju med sokneprest
Espen Tveten om påske.



Sju år som misjonær i Thailand viste Espen Tveten hvor viktige de kristne høytidene er for ham.

Sokneprest Maria Tveten vart intervjuet av Tony Ågotnes og Mariann Reikerås i samband med Ottesong i Foldnes kyrkje.



Vigsling av kontor i Fjell og diakon i Landro ved biskop Ragnhild Jepsen.





Fellesrådet

Av oppgaver som vert utført av seksjon for administrasjon og økonomi kan mellom anna nemnast:

- Månadlege lønsutbetalingar.
- Utarbeiding av budsjett og rekneskapsrapportering saman med dei andre seksjonsleiarane.
- Fakturering av festeavgifter, utleige av lokale m.v.
- Månadleg bankavstemming.
- Administrere utleige av kyrkjer med nøkkeltilgangar m.v.
- Oppfølging kvar veke i medarbeidaren/ kalenderen, at det er folk til seremoniar og arrangement og at det ikkje er dobbeltbookingar.
- Ansvar for å administrere dåpspåmelding på nett til dåpskurs og lage til dåpsattestar til dåpsdagen.
- Ved gravferd/bisetjing og vigslar er seksjonen ansvarleg for å organisere ledige tidspunkt for kyrkjer og sørge for bemanning.
- Resepsjon på Temahuset som er open kvar dag frå 09.30 til 14.30.
- Overføring av kyrkjelege handlingar i e-kyrkjebok.
- Gravregistrering i gravsystemet Ecclesia.
- Administrering av gravstellavtarar.

Sokneråda

Seksjon for administrasjon og økonomi utfører mellom anna desse oppgåvene for dei fem sokneråda:

- Budsjett, rekneskapsrapportering og økonomisk rådgjeving.
- Månadlege bankavstemmingar.
- Førebuing av soknerådsmøte og utarbeiding av saksprotokoll i Public 360.
- Kvart år sende ut brev med invitasjon til gudsteneste for 50-års jubilarer (gjeld Hjelme og Blomvåg sokn).
- Sende inn statistikk i samarbeid med sokneprest.
- Møte på soknerådsmøta ved behov.

Sokneteama

Sokneteama er sett saman av prest for soknet, organist, kyrkjelydspedagog, diakon, og kyrkjegardsarbeider/kyrkjetenar. Seksjon for administrasjon har to medarbeidarar som møter fast i sokneteammøta, samt ein medarbeidar som er leiar for eit sokneteama (Sund sokneteama).

Leiarar for sokneteama står i nært samarbeid med sokneprest og er ansvarleg for at vedtak i sokneråd vert fylgt opp lokalt i soknet. Sokneteama har månadlege møter.



Fellesrådet sin økonomi

Årsrekneskap for Øygarden kyrkjelege fellesråd 2024 drift og investering

Driftsrekneskapen til Øygarden kyrkjelege fellesråd syner eit mindreforbruk i 2024 på om lag 3,8 mill medan investeringsrekneskapen syner eit meirforbruk på om lag 1 mill. Samla sett gjev dette eit mindreforbruk på om lag 2,8 mill i 2024.

Mindreforbruket i driftsrekneskapen i 2024 kan i hovudsak forklarast med følgjande forhold:

- KLP har tilført premiefondet til ØKF 1,5 mill i 2024, noko som har medført redusert pensjonspremie inkl. arbeidsgjevaravgift med 1,7 mil.
- Vakansar i første halvdel av 2024.
- Meirinntekter knytt til sjukelønsrefusjon med om lag 1 mill. Det er også i liten grad teke inn vikarar ved sjukemeldingar.
- Renteinntekter vart om lag 0,5 mill høgare enn budsjettert.

- Statlege tilskot vart 0,3 mill høgare enn budsjettert.
- I tillegg vart reguleringspremie på oppsette rettar i KLP om lag 1,2 mill lågare i 2024 enn i 2023.

Meirforbruket i investeringsrekneskapen er i hovudsak knytt til renovering av Fjell kyrkje og varmestyringsanlegg.

Mindreforbruket i 2024 er ekstraordinært, og vi kan ikkje forvente tilsvarande mindreforbruk framover. Pensjonskostnadane vart lang lågare enn vi kan forvente i kommande år. Vakansar i stillingar har vore ein stor slitasje på dei som har vore på jobb, og vi har fått eit stort etterslep på viktige arbeidsområde. Lærdomen er at vi så sant det er mogeleg må hente inn vikarar eller kjøpe tenester for å få løyst arbeidsoppgåvene våre og samtidig ta vare på dei tilsette.

STYRANDE ORGAN

Fellesrådet er det øvste ansvarlege og styrande organ for ØKF. Rådet er sett saman av eitt medlem frå kvart av sokneråda, ein prerepresentant frå Øygarden kommune og ein representant oppnemnd av biskopen. I fellesrådet er det fire kvinner og tre menn.

Namn	Rolle	Personleg vararepresentant	Oppnemnt av
Gisle Kårbø Rong	Leiar	Erling Vik	Hjelme og Blomvåg sokneråd
Anne Grete Hareide	Nestleiar	Jan Tveit	Sund sokneråd
Arvid Nese	Medlem	Harald Fylling	Fjell sokneråd
Torill Selsvold Nyborg	Medlem	Per-Helge Refvik	Foldnes sokneråd
Kirsten Kjølen	Medlem	Anne Kristine Christiansen	Landro sokneråd
Ingvill Kvalsnes Blom	Medlem	Helge Nilsen	Øygarden kommune
Jan Tommy Fosse	Medlem	Maria Tveten	Biskopen

Arbeidsutvalet er sett saman av leiar, nestleiar og eitt medlem av fellesrådet, og er eit er saksførebuaende utval til fellesrådet. Arbeidsutvalet har i tillegg fullmakt til å treffe avgjerd i saker som er delegert. Arbeidsutvalet er sett saman av to menn og ei kvinne.

Namn	Rolle
Gisle Kårbø Rong	Leiar
Anne Grete Hareide	Nestleiar
Arvid Nese	Medlem

Administrasjonsutvalet er eit partssamansett utval med overordna ansvar for personalpolitiske saker. Utvalet er høyringsinstans for fellesrådet i saker av personalpolitisk karakter, og har delegert avgjerdsmynde i saker i medhald av reglement. Administrasjonsutvalet har mellom anna tilsettingsmynde i alle stillingar utanom leiarstillingar. Administrasjonsutvalet er sett saman av tre kvinner og to menn.

Namn	Rolle	Personleg vararepresentant	Utpeika av
Anne Grete Hareide	Leiar	Torill Selsvold Nyborg	Fellesrådet
Gisle Kårbø Rong	Nestleiar	Kirsten Kjølen	Fellesrådet
Arvid Nese	Medlem	Jan Tommy Fosse	Fellesrådet
Beate Sørhus	Medlem	Torstein Vassnes	Tillitsvald/tilsette
Kari Bekkenes	Medlem	Ellen Ebbesvik	Tillitsvald/tilsette



Fellesrådet på synfaring. Frå venstre: Arvid Nese, Jan Tommy Fosse, Anne Grete Hareide, Torill Selsvold Nyborg, Kirsten Marie Angeltveit Kjølen, Ingvill Kvalsnes Blom, Tore Heggernes og Gisle Kårbø Rong

A group of people, seen from behind, are walking along a dirt path in a forest. The path leads towards a bright sunset or sunrise, with the sun low on the horizon, creating a warm, golden glow. Tall trees line both sides of the path, their leaves catching the light. The people are dressed in casual outdoor attire, including backpacks.

Nær Gud, nær menneske

Takknemleg, tenande, frimodig



DEN NORSKE KYRKJA
Øygarden kyrkjelege fellesråd